

Voss Veksel- og Landmandsbank 1899 – 1999

Av Johannes Gjerdåker

Bankar for pengeomsetnad og forvaring av pengar fanst alt i det gamle Babylon, på 500-talet føre Kr., og i Hellas og Roma, men bankar i moderne tyding møter me fyrst i Nord-Italia i tidleg renessansetid, og sjølv ordet «bank» er i denne tydinga nytta fyrst i Italia. I Noreg vart det ikkje skipa nokon sjølvstendig bank før enn unionen med Danmark vart oppløyst i 1814. Noregs Bank er frå 1816. Frå 1820-åra gjorde pengehushaldet seg meir og meir gjeldande og ei rekkje sparebankar vart skipa kringom i byar og bygder i landet. Dei fyrste private forretningsbankane kom til i tida omkring 1850, såleis Christiania Bank og Kredittkasse i 1848 og Bergens Privatbank i 1855. Trongen for banktenester voks i takt med utviklinga av næringslivet i denne tida.

På Voss var sparebank grunnlagd i 1843, på ei tid då utvandringa til Amerika var byrja for fullt, og ei mengd gardsbruk vart selde, då bønder med huslyd var det største innslaget i utvandarflokkane. Gjennom tida 1838–1866 vart køyrevegane gjennom bygdene frå Gudvangen til Eide i Granvin moderniserte, turismen kom til og vart ei næringsgrein. Frå 1883 hadde Voss jarnbanetilknyping til Bergen, og store næringsgreiner kom til innanfor skiferdrift og sagbruk. Vangen voks fram til ein by på 1200 menneske.

I 1894 gjorde Stortinget vedtak om byggjing av Bergensbanen frå Voss og austover. På kort tid var meir enn 600 mann i arbeid på jarnbane-anlegget Voss st. – Gravahalsen, medan Voss Skiferbrud A/S vart ei verksemd med stor utførsle innanlands og utanlands. På Vangen og i bygda elles kom nye forretningar til årleg, og nye verkstader og handverksnæringer vart grunnlagde. Det er dette nye næringslivet som set krav om ein forretningsbank i bygda.


I bladet «Hordaland» vart det 21. januar 1899 lyst ut innbyding til aksjeteikning i ein ny bank som skulle skipast for Voss og omland. Innbydarane gjorde framlegg om namnet «Voss Vexel- og Landmandsbank».

Innbydarane viste til den monalege auken i forretningslivet i bygdene her, som gjorde ein forretningsbank naudsynt. Innbydarane var forretningsmenn og bønder, i alt 47 menn. Det vart kalla inn til skipingsmøte 1. mars 1899 og den dagen vart aksjeselskapet Voss Vexel- og Landmandsbank skipa og lovene for banken vedtekne. Det fyr-



Foto: Fotograf Senderud AS

Faksimile av «Forslag til love for Voss Vexel- og Landmandsbank». I § 1 er det bl. a. forslag om ein aksjekapital på kr. 100.000. Bladet Hordaland refererte 04.03.1899 frå skipingsmøtet bl. a.: «Aktiekapitalen der væsentlig er tegnet indenbygds, var overtegnet inden generalforsamlingen sammentraadte, saa foretagendet har mødt den rette forstaaelse i bygden.»





Voss omlag 1910.

ste styret vart valt 3. mars 1899, dei fem styremedlemene, som den tid vart kalla direktørar, var desse : overrettssakfører Fr. Lyng, handelsmann L. Kindem, gardbrukar O. Bjørgum, handelsmann G. Rokne, furer G. Tuft. Lokale leigde den nye banken hjå snikkarmeister Anders Raugstad i eit hus han åtte på den tufta der Indremisjonskafeen held til i vår tid. Der hadde banken lokale i 7–8 år.

Banken, ved styret, la vekt på profesjonell leiging og opninga vart utsett til 15. september 1899, då Ludvig Hansen, som styret hadde peika ut til dagleg leiar, fyrst kunne byrja då. Ludvig Hansen hadde eksamen frå Christiania Handelsgymnasium og sju års praksis i bankierfirma i hovudstaden.

Åra ikring hundreårsskiftet 1900 var merkte av lågkonjunktur og nedgang i Noreg under eitt, men i vossasamfunnet var det vokster og oppgang som fylgde med Bergensbane-anlegget og skiferindustrien; dei drog med seg vokster i ei vid breidd av næringar her. Den internasjonale turistferdsla gjennom bygda auka òg mykje på denne tida.

Ein ser då at innskot i den nye banken auka frå kr 179.978,52 i år 1900 til kr 728.595,39 i år 1906, utlåns- og rådveldekapital auka like eins monaleg, og omsetnaden auka frå kr 4.411.000 i år 1900 til kr 8.577.000 i år 1906. I 1907 kjøpte banken to tufter på Vangen vest for kyrkja, dei tidlegare eigarane var Voss Ølsamlag og Tiendabui. Her vart no den fyrste bygningen til banken oppbygd, og her hadde banken lokale heilt til bygningen brann opp etter bombinga 24. april 1940.



Sparebøsse med kontrabok frå 1906. Bak i boka står fylgjande kontrakt: «Mod at Voss Vexel- og Landmandsbank udlaaner mig nævnte Sparekasse uden Afgift, indgaar jeg paa at aabne en Sparekasskonto i Banken og derpaa at indsætte Kr. 3.00, der skal tilfalle nævnte Bank, ifald den udlaante Sparekasse ved Beløbets Udtagning ikke tilbageleveres i ubeskadiget Stand. Jeg indgaar videre paa mindst en Gang hver anden Maaned at bringe Sparekassen til Banken for at tømmes og for at indsætte de opsparede Penge i nævnte Bank til Forrentning overensstemmende med Bankens Regler for Indskud af denne Art.»

Åra frå 1909 til fyrste verdskrigen, som byrja 3. aug. 1914 var ei oppgangstid nasjonalt og internasjonalt, og ein ser at både innskot, rådveldkapital og omsetnad i åra frå 1908 til 1914 er mykje auka, såleis omsetnaden frå kr 8.151.000 i 1908 til kr 16.221.000 i 1914.

Verdskrigen som varde frå 1914 til hausten 1918 førde til sterk etterspurnad og stigande prisar for eksportnæringane. Fraktratene steig og mange menneske kjøpte aksjar i skipsreiarlag, også i nye reiarlag som kom til etter kvart som krigen varde. I banken sine tal vert den lokale interessa avspegla i kassakredittlån som auka frå kr 55.000 i år 1914 til kr 3.159.000 i år 1920.

Omslaget kom sterkt og brått hausten 1920, då prisane fall med 40 %. På kort tid fall òg fraktratene med 60–70 %. Heile næringslivet fall saman. Aksjane i Voss Skiferbrud A/S hadde gjeve stort utbyte årleg i mange år, men frå 1921 vart dei verdlause. Vekselbanken måtte i åra frå 1920 og utetter avskriva store summer.

Utviklinga i åra frå 1922 til 1939 kan ein i nokon mon lesa ut av desse tala : Innskotskapitalen var i år 1922 på kr 6.680.000, i år 1939 på kr 5.522.000, utlånskapitalen var i år 1922 på kr 7.324.000, i år 1939 på kr 2.916.000, rådveldkapitalen stod uendra gjennom heile tida frå 1922 til

1939 på ikring kr. 7.600.000, medan overskotet gjekk ned frå kr 151.617 i 1922 til kr 74.247 i 1939. Gjennom denne tida vart det avskrive på verdepapir og tap på utlån kr 1.086.000.

Bankbygningar og lokale

I 1919 kjøpte Vekselbanken Kronstادهuset med tuft aust for kyrkja. Tanken var å byggja nytt hus for banken her. Etter utsetjing vart huset bygt i 1922, men det nye huset vart utleigt til forretnings- og kontorlokale og banken heldt fram i huset frå 1907 i Nedregate vest på Vangen. Då Vekselbanken sitt hus, saman med alle andre hus i Nedregate brann opp 24. april 1940, flytte banken over til huset sitt på Kronstadtomt.

Etter frigjeringa flytte Vekselbanken til Sjur Endeve sitt nybygg aust på Vangen. Her heldt banken til i andre høgda. No vart huset frå 1922 rive, og nytt hus vart bygt på Kronstadtomt. I denne tida var byggjeverer rasjonerte, og atterreisinga tok tid, men i 1950 kunne banken flytta inn i eige hus att.

Under andre verdskrigen var det mykje pengar i omlaup og lite å få kjøpt. Folk sette pengar i banken og nytta inntektene til å betala ned på eldre lån. For bankane førde



Vangen omlag 1925. Lahlumhuset til venstre og Simons-Margreta huset til høgre. I bakgrunnen stallane (der Kyrkjebø står i dag).



Bankbygningen i Nedregate, som brann i 1940.

dette til vanskar med å plassera pengane, og dei sat med store kassareservar. Utviklinga frå 1941 til 1945 viser at innskot i banken hadde auka frå kr 5.651.000 til kr. 9.598.000, utlån hadde minka frå kr 1.456.000 til kr 1.146.000, og rådveldekapitalen auka frå kr 8.521.000 til kr 12.900.000.

Banken i etterkrigstida og i nyare tid

I tida frå 1950-åra til tida no framfor år 2000, har Voss Veksel- og Landmandsbank hatt soliditet og god vokster. Banken tok del i finansieringa av atterresingshus på Vangen og har i alle åra vore med og fremja tiltak i næringslivet.

Åra frå 1945 til 1950 var merkte av rasjonering og knappe mengder av byggjevyrke og varer som trongst til atterreisinga, men stoda vart smått om senn betre, og frå 1950 var det mykje auke i husbygging. Dei fyrste åra etter krigen gjekk òg tekstilindustrien i bygda svært godt, med opp til tre skift i døgeret på Voss Uldvarefabrik. Frå slutten av 1950-åra vart tevlinga hardare med nyoppbygd tekstilindustri i Tyskland og England. Etter 1960-åra er det slutt på tekstilindustrien på Voss.



Avdukinga av minnesmerket over Per Sivle framfor tinghuset i 1957. Vekselsbanken i bakgrunnen. (Foto: Herheim Foto.)



Næringslivet er i det heile mykje omforma og endra i den siste mannsalderen. Primærnæringane jordbruk og skogbruk, er leveveg til mykje færre menneske enn tidlegare. Også bergverk har minka i omsetnad og talet på arbeidsplassar. Ny teknologi har ført til store endringar i jarnbane, post, telegraf, telefon. På Voss – som i mange andre distrikt – har talet på tilsette gått ned på alle desse kommunikasjonsområda.

Turisme, handel og tenesteyting av ymse slag har auka mykje, samtidig som bygg- og anlegg og verkstadindustri har teke opp ny teknologi og har hevda seg i tevling både nasjonalt og internasjonalt, og har fått oppdrag til utføring i nære og fjerne utland. – Bustadbyggjing har gått i bylgjer med toppar og bylgjedalar frå tid til tid, men mengda av bustader har gått mykje opp frå tiår til tiår. Både innan næringslivet og bustadbyggjinga har Vekselbanken heile tida hatt tenester å yta som har vore til framhjelp for samfunnet under eitt, og for den einskilde.

Banken i 1998, sett frå utsida og frå ekspedisjonslokalet.
(Foto: Fotograf Senderud AS)

